

Soknerådsmøte i Moster sokneråd tysdag 27.08.2019 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjøtveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Magnhild Nøstbakken, og Aksel Lygre. Mona Ingvaldsen Hodne kom kl. 20.00

Sak 69 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 18.06.19.
Innkalling og møtebok vart godkjend.

Sak 70 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.

- Miljøtiltak for konfirmantar – medarbeidarar som kan hjelpe til. Aksel orienterte.
- Soknerådssal. Kurs valmedarbeidarar 5. september. Synleg valstad. m.m: Dato er fastsett, og valmedarbeidarane er orientert. Stemmeteljing kan e.v.t verte flytta til måndag kveld.
- Moster kyrkje vert 150 år i 2024, - info Per Harald og Aksel ad komité: Ikkje noko nytt å melde.
- Temakvelder hausten 2019: Den første temakvelden vert 26. september: Kveldsgudsteneste. Temakvelden den 17.10 vert halden av diakoniutvalet.
- Årsmelding er endra, med underskrifter. Den vert send til kyrkjeverja.

Sak 71 – 2019 Kyrkjejubileum i Bremnes.

Gudsteneste 22.september + andre postar. Info ved Aksel. Moster Sokneråd vert oppmoda om å møte opp.

Sak 72 – 2019 Kvartalsrapporten vart gjennomgått og teken til vitande.

Sak 73 – 2019 Samrådsmøte 15.oktober i Salem.

Soknerådet kallar inn. Aksel tek med gudstenestelista til samrådsmøtet.

Sak 74 – 2019 Gjevarteneste i Moster sokn? Vedtak: Gjevarteneste er naudsynt på sikt, men ikkje no. Andre økonomiske forpliktingar t.d. orgel, må prioriterast.

Sak 75 – 2019 Plan for vedlikehald, maling og oppussing av Moster kyrkje før 2024.

Kyrkja har ikkje vore måla utvendig på 24 år, og andre behov for vedlikehald og oppussing er også tydelege.

Vedtak: Soknerådet i Moster bed fellesrådet at det vert laga ein forpliktande plan for oppussing og måling av Moster kyrkje i god tid før jubileumsfeiringa og vigsling av nytt orgel i 2024.

Sak 76 – 2019 Nytt medlem av orgelkomité.

Det vart lagt fram forslag til namn på møtet. Prioritert rekkjefølgje vert sendt til kyrkjeverja/fellesrådet.

Sak 77 – 2019 Minnelund i tilknytning til gravplass på Moster.

Vedtak: Soknerådet i Moster bed fellesrådet om at dei legg til rette for felles minnelund i

tilknytning til gravplassen på Moster.

Sak 78 – 2019 Soknerådet skaffar julekrybbe

Vedtak: Moster Sokneråd skaffar julekrybbe.

Sak 79 – 2019 Referat og meldingar

- Frå fellesrådet
- Frå orgelkomiteen.
- Frå AU: Avslag Israelsmisjonen gudsteneste 13.10
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Det vert konsert i Moster kyrkje den 6. september med Edgar Paulsen. Inntektene frå konserten går til «Vyborghjelpen.»

Songkvelden er flytta frå den 22. september til den 6. oktober.

Soknerådet vil takke Elin og Mona for fint målearbeid i bønerommet i kyrkja.

Sak 80 – 2019 Ymse

Per Harald Gjerde

Skrivar